

SPONSOR TOMATFESTIVALEN 2016 ?

Så er me i gang igjen. Det vil også i 2016 bli arrangert Tomatfestival på Finnøy. Dette året vil Tomatfestivalen gå av stablen 19.-21. august. Sjølve festivaldagen blir laurdag 20. august.

Komiteen er i full gang med å planlegge aktivitetar til årets festival. Me er svært opptatt av å fornye oss og satsar på fullt hus også i 2016.

For å klare å gjennomføre Tomatfestivalen, er vi heilt avhengig av sponsormidlar. Mange av dykk har stilt opp år etter år, noko me set utroleg stor pris på. I tillegg til stor dugnadsinnsats både i forkant og under festivaldagane, tilskot frå Finnøy kommune og andre, er det sponsorstøtta som gjer det muleg å arrangere denne merkedagen i Finnøy kvart år.

Me veit at mange verksemder er inne i ei omstilling dette året og at pengane til å støtte ulike arrangement gjerne sit lengre inne for fleire. Me er difor opptekne av at verksemnda di ved ei sponsorstøtte skal synast og få mest muleg igjen for å støtte Tomatfestivalen.

Vedlagt finn de dei ulike kategoriane me har



utarbeida over sponsorstøtta i 2016. Her vil du finne ut kva di verksemd får igjen for å støtte festivalen vår, i tillegg til å støtte opp under ei verdifull aktivitet.

Nytt i år er blant anna eit **utvida festivalhefte** som me har som mål å gje ut tidlegare enn før, allereie i siste utgåva av lokalavisa Øyposten som då går ut til eit breiare publikum. Her vil me gi gratis annonseplass i ulik storleik til verksemder som støttar festivalen.

Også nytt av året er at vi ønskjer å **inndelegge festivalområdet i ulike aktivitetssområde**, som vi for så vidt også har gjort tidlegare, men i år vil me gi plassane namn etter sponsorane våre i kategori Plommetomaten / Bifftomaten og etter størrelsen på bidraget. Bedriftsnamnet kan med dette anten bli knytt til ein plass eller ein aktivitet. Me vil ha dialog med dykk om dette når me ringer og gjer ein avtale.

Me har også lyst til å kome i kontakt med dykk i løpet av mai-månad for å **lage ulike reportasjar** med dykk som me vil synleggjera på nettsida vår og på facebook- sida. Er det spesielle høve verksemda vil profilere, vil de ha høve til dette og få aktiviteten synleggjort.

Me er også opne for å **inngå fleire avtalar tilpassa verksemda di** og kjem tilbake til dette. Me vil be dykk tenkje etter kva de sjølve vil ha att for å sponse festivalen.

I 2015 inngjekk t.d. Tomatfestivalen ein avtale med Byggmakker Ladstein om eit byggjeprojekt for barn og ungdom, «små armar vil bli kloke hender». Dette samarbeidet og prosjektet var svært vellukka og PROFILERTE Byggmakker Ladstein på ein positiv måte, sjølv om dei la igjen det meste av eigeninnsatsen i prosjektet sjølv.

Nytt i 2016 er også **at me vil kåre den sponsoren som gir mest sponsormidler med ei overrasking frå scenen på festdagen 20. august.**

Vedlagt finn de dei ulike kategoriane.

Me håpar de vil vere med på laget.

Vi tek kontakt!!

Med beste helsing

TOMATFESTIVALEN 2016

Ryfylke Næringshage (koordinator)

Heidi Skifjell

Oddrun Merete Reilstad Handeland

Elisabeth Hauge Nordbø

Per Øystein Sandvin